



Protokoll

Styremøte 05-2021, 24. april

Møtet vart halde laurdag 24. april 2021 fysisk i Øvre Slottsgate 2B samt digitalt via Teams frå kl. 16:30 i etterkant av landsmøtet.

Til stades: Torbjørn B. Lauen, Terje Svindseth, Tone Mjelde, Nina Byttingsmyr, Maria Austbø og Bjørn Arve Moen, i tillegg til første vara Marit Kvamen, andre vara Mona Husby og tredje vara Siri Mæland. Generalsekretær deltok på møtet.

Sakliste

51/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste	1
52/2021	Godkjenning av protokollar	1
DRIFT/ADMINISTRASJON		2
53/2021	Driftsrapport	2
54/2021	Representasjonsoppdrag	2
KONSTITUERINGSSAKER del 1		2
55/2021	Fastsetjing av årshjul for 2021-2022	3
56/2021	Informasjon om korleis ein gjennomfører styremøter	3
57/2021	Rutinar for elektronisk informasjonsflyt 2020-2021	3
LEVANDE LOKALKULTUR		4
58/2021	Kva landsmøtesaker skal følgjast opp	4

24. april 2021

Kai Roger vatne
generalsekretær

51/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sjå forslag til sakliste på første side

Vedtak: Sakslista blir godkjent.

52/2021 Godkjenning av protokollar

Vedlegg: 01 Protokoll SM04, 23. april

Som vedlegg til saka følgjer protokoll frå styremøtet 23. april for godkjenning.

Vedtak: Protokoll ikkje ferdig så kunne ikkje behandlast.

DRIFT/ADMINISTRASJON

53/2021 Driftsrapport

Vedlegg: 02 Driftsrapport pr dato
02a Status handlingsplan
02b Status økonomi pr 31.03.21

Vedlagt ligg driftsrapport per dato. Denne inneheld eit oversyn over representasjon sidan sist, saker under utvikling samt ulike skriftlege og munnlege orienteringar. Driftsrapporten inneheld også status på handlingsplan og økonomi. Rapporten blir lagt fram til orientering, og det er viktig at styret les denne godt for å halde seg orientert om drifta, og for å kunne stille spørsmål ved potensielt uklare ting i denne.

Vedtak: Driftsrapporten blei tatt til orientering.

54/2021 Representasjonsoppdrag

Vedlegg: Ingen

Frå	Saka gjeld	Type oppdrag	Forslag:
Dramas	Årsmøte torsdag 20. mai frå kl. 11-16. Kursrommet i Øvre Slottsgate 2B	Delegater	Kai Roger Vatne og Torbjørn B. Lauen.
Frivillighet Norge	Årsmøte i Frivillighet Norge 27. mai 2020 kl. 16.00 -18.00	Delegater	Kai Roger Vatne og Torbjørn B. Lauen.
Studieforbundet kultur og tradisjon	Innkalling til årsmøtet i Studieforbundet 27.05.2021 kl. 10.00 – 16.00. Møtestad er Telegrafan, Nedre Slottsgate 21 Oslo	Delegater	Vi har 2 stemmer
Virke	Generalforsamling måndag 7. juni kl. 13.00 – 15.00. Virkes lokalar i Henrik Ibsens gate 90, Oslo	Delegat	Kai Roger Vatne
Av-og-til	Digitalt årsmøte. Årsmøtet er opent for avstemming frå onsdag 9. juni kl. 09.00 til torsdag 17. juni kl. 16.00. Informasjonsmøte 9. juni. Påmeldingsfrist 24. mai	Delegat	Kai Roger Vatne

Vedtak: Blei tatt til orientering.

KONSTITUERINGSsaker del 1

55/2021 Fastsetjing av årshjul for 2021-2022

Vedlegg: 02 Forslag til årshjul 2021-2022
02a Årshjul 2021

I denne saka blir det lagt fram forslag til årshjul for arbeidet i styret for arbeidsåret 2020-2021 (fram til neste landsmøte), med konkrete forslag til møtedatoar. På denne måten ønskjer ein i størst mogleg grad å sikre at styremedlemmene held av viktige datoar i året som kjem. Vedlagt ligger også årshjulet for 2021 slik dette er vedtatt av førre styre.

Datoane for 2021 er endra i forhold til det som var vedtatt av førre styret, og ein må derfor endre styremøta slik at ein kan få gjennomført dei saker som berre eit nytt styre kan gjere vedtak på. Det blir også foreslått datoar for styremøta fram til neste landsmøtet, og dato for sjølve landsmøtet i 2022. Val av dato påverkar kva dato styremøtet i mars kan haldast på, for å halde fristane for utsending av sakspapir til landsmøtet, fastset i lova.

I årshjulet er det lagd eit oversyn over dei ulike sakene som skal handsamast på styremøta for å vise gangen i arbeidsåret.

Endeleg årsjul for 2022 blir lagt fram på styremøtet i november.

Vedtak: Framlegget til årshjul 2021 - 2022 blei vedteke.

56/2021 Informasjon om korleis ein gjennomfører styremøter

Vedlegg: Ingen

Dette er første styremøtet i den komande styreperioden, og me har fått eit nytt medlem i styret. Vi tek derfor ein kjapp gjennomgang av korleis vi gjennomfører styremøta og kva standard tidspunkt for møta er slik at vi har ei sams forståing. Styreleiar vil i møtet orientere om korleis vi gjennomfører styremøta, og kva fristar som er satt for sakspapir. Standardtidspunkt for styremøta er satt til Laurdag kl 09.00 – søndag kl 12.00 om ikkje anna er spesifisert. Standardtidspunkt for digitale styremøter er kl. 18.00 – 21.00 på fredaagar og 17-20 på søndagar.

Vedtak: Styret vedtek tidspunkt for styremøta, og tek gjennomgangen av korleis møta skal gjennomførast til vitande.

57/2021 Rutinar for elektronisk informasjonsflyt 2020-2021

Vedlegg: ingen

Gjennom eit arbeidsår i Noregs Ungdomslag, er det svært mykje informasjonsoverlevering som skjer mellom administrasjonen og dei tillitsvalde på e-post. Ofte er det rein informasjon som blir sendt ut, men i andre samanhengar blir det sendt ut informasjon der ein ønskjer tilbakemeldingar frå kvarandre. Styret har dei siste åra hatt rutinar for å handtere dette, og i denne saka blir det foreslått å vidareføre desse:

1. Vi skil tydeleg mellom kven som får e-posten for oppfølging, og kven som får den til orientering, med å skilje mellom "til" og "kopi"-feltet i e-posten.
2. Vi er presise i emnefeltet om kva e-posten gjeld. Dette betyr at ein startar ein ny eposttråd om ein tek opp eit nytt tema.
3. Vi angir i emnefeltet om e-posten er reint informasjon eller om ein ønskjer tilbakemelding, ved å starte alle emne med anten "Orientering: xxx" eller "Respons: xxx"
4. Vi startar e-posten med å skrive kven som får den, og kven som får den i kopi, og angir responsfrist før sjølve e-posten startar.

5. Vedlegg bør i hovudsak sendast som pdf, om det ikkje er arbeidsdokument som mottakar skal fylle inn tekst i.
6. Dersom responsfristen er kortare enn 24 timar, bør mottakarane i tillegg få ein sms, om at det er sendt ein e-post med kort responsfrist.
7. Styregruppa på Facebook kan nyttast til enkle orienteringar, diskusjonar som ikkje krev vedtak og ymse morosaker til sams glede.

Vedtak: Styret godkjente retningslinjene for elektronisk informasjonsoverlevering slik dei er lagt fram.

LEVANDE LOKALKULTUR

58/2021 Kva landsmøtesaker skal følgjast opp

Vedlegg: ingen

Landsmøtet blei gjennomført laurdag og med dette er det ein del saker som styret og administrasjonen må følge opp og legge ein plan for. Framdriftsplan for dei enkelte sakene skal opp på styremøtet 5. oktober, så administrasjonen treng innspel på korleis vi skal følgje opp sakene, kva som er viktig å ta med seg inn i arbeidet med dei enkelte sakene og tannkar om tidsplan. Administrasjonen tek med seg innspela tilbake og utarbeider framdriftsplanar. Sakene som skal følgjast opp etter landsmøtet er som følgjer.:

- Medlemsbladet Ungdom
- Kontingent
- Fråsegner
- Frilyntsaka

Vedtak: Administrasjonen førebur saker om Ungdom, kontingent og Frilynt til styreseminaret i juni. Vedtekne fråsegner skal publiserast og sendast til media.

Kai Roger Vatne
generalsekretær